STUDENTSAMSKIPNADEN STORD/HAUGESUND
STYRET
PROTOKOLL

Tidspunkt: 10.12.04 Kl.: 1400 – 1530. **Stad:** Børtveit skule, Rommetveit

Leiar: Siri Henriksen **Ved pennen:** Ernst Wilhelmsen

Til stades: Alf Aronsen, Egil Eide, Siri H. Henriksen, Rune Jørgensen, Randi Presthaug, Stian Skeiseid og Gavin Williams

Før møtet starta var det lagt opp til ei høyring på dei tre sakene: Strategisk plan, handlingsplan og budsjett. Til stades på høyringa var avdelingsleiarar, NTL og Utdanningsforbundet. I tillegg til dette fekk representantar frå "Samtid" orientera om sitt prosjektet. Dette var som innleiing til sak under eventuelt.
Høyringa starta kl.: 1130 og held fram til kl.: 1300.
Deretter var det pause.
Styremøtet starta kl.: 1400 og varte til 1530.
Det blei presentert eige uttale frå organisasjonane til dette møtet. Denne ligg ved som vedlegg 6. **Vedlegg 6.**

Saksliste:

SAK S 52/2004: GODKJENNING AV PROTOKOLL.
SAK S 53/2004: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE.
SAK S 54/2004: INNMELDING AV SAKER UNDER EVENTUELT.
SAK S 55/2004: TILSTANDS- OG BUDSJETTRAPPORT.
SAK S 56/2004: STRATEGISK PLAN 2005 – 2009.
SAK S 57/2004: HANDLINGSPLAN 2005.
SAK S 58/2004: BUDSJETT FOR 2005.
SAK S 59/2004: EVENTUELT

Sak S 52/2004 GODKJENNING AV PROTOKOLL.

Vedtak:
Protokollen frå styremøtet 03.11.04 blei samrøystes godkjend.

SAK S 53/2004: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE.

Vedtak:
Innkalling og saksliste samrøystes godkjend.

SAK S 54/2004: INNMELDING AV SAKER TIL EVENTUELT.

Direktør hadde meldt inn fylgjande sak:

- Søknad om midlar frå Samtid.

Andre saker som blei meldt inn på møtet:

- Søknad om midlar til UKÅ-2005.
- Orientering om tillitsrepr.kurs.
- Kurs i styrearbeid.
- Referat frå møte med Haugesund kommune.
- Priser på vask på Vardatun. (Denne saka blei handsama under budsjett.)

SAK S 55/2004: TILSTANDSRAPPORT. **Orienteringssak**

Vedtak:
Styret tek rapporten til etterretning.

SAK S 56/2004: STRATEGISK PLAN FOR 2005 - 2009. **Vedtakssak**

Vedtak:
Styret vedtek Strategisk plan for 2005 - 2009 slik han ligg føre. Samrøystes.

Endeleg plan ligg ved. **Vedlegg 1.**

SAK S 57/2004: HANDLINGSPLAN FOR 2005. **Vedtakssak**

Vedtak:
Styret vedtek handlingsplan for 2005 med fylgjande tilføyingar/endringar. Samrøystes.

- ***Informasjons- og samfunnskontakt***
  I løpet av året skal SSH få vurdert informasjonsverksemda si. Eventuelle nye tiltak skal vurderast i samarbeid med HSH.

  Saman med Studentersamfunna skal SSH ta initiativ til ein konferanse om "det gode studentlivet" på Vestlandet.
  Ei eventuell felles profilering skal også drøftast på denne konferansen.

Det er eit mål for SSH å få opna HSH meir for lokalsamfunnet.

- ***Internasjonalisering.***
  SSH vil i samarbeid med HSH ta tak i dei utfordringane som kan dukka opp i samanheng med det å ha studentar frå utlandet.

Endeleg handlingsplan ligg ved. **Vedlegg 2.**

SAK S 58/2004: BUDSJETT 2005. **Vedtakssak**

Vedtak:
Styret vedtok budsjett slik det låg føre.
Styret vedtok å senda søknad til HSH om ombygging av kafèkjøkken.
Styret vedtok å bruka vedlikehaldsfondet slik det låg føre planar for i budsjettet.
Styret vedtok å føra finansieringa av sykkelskur/miljøstasjon over vedlikehaldsfondet.
Styret vedtok å føra finansieringa av renovering i blokk 4 over vedlikehaldsfondet.
Styret vedtok å auka husleiga med 50 kr pr. månad på hyblar og 100 kr på leiligheiter frå og med aug. 2005.
Styret vedtok innføring av flyttegebyr og gebyr for tap av vaskekort.

Under drøftingane blei det nemnd at Styret ynskjer ei eiga sak om støtte til kulturtiltak og korleis desse tiltaka skal organiserast.
Prosjekt "Samtid" og tilhøvet til Studentersamfunnet må også vurderast i same sak.
Eit viktig tilhøve var korleis ein kan organisera på ein slik måte at prosjekta fortset sjølv etter at sentrale personar sluttar som studentar.

Styret ynskjer også ei eiga sak om " stillingssituasjonen" i kafèane.

Pris på vask ved Vardatun må også vurderast før sommaren.

Endeleg budsjett for 2005 ligg ved. **Vedlegg 3.**

SAK S 59/2004: EVENTUELT.

1. Søknad om støtte til "Samtid."
Vedtak:
Styret gjekk inn for å støtta "Samtid" med 50 000 kr for heile 2005. Samrøystes

Alf Aronsen forlot møtet før handsaminga.

Søknaden ligg ved. **Vedlegg 4**.

2. Søknad om støtte til UKÅ 2005.
Vedtak:
Styret gjekk inn for å støtta UKÅ-2005 med 50 000 kr.

Gavin Williams forlot møtet før handsaminga av denne saka.

Søknaden ligg ved. **Vedlegg 5.**

3. Invitasjon til tillitrepr.kurs blei delt ut på møtet.

4. Leiar orienterte om kurs i styrearbeid ho hadde vore på.
Det bør lagast til eit nytt kurs i styrearbeid med same førelesar som sist (Sigurd Østensen).
Dette bør gjennomførast seint på vinteren.

5. Styreleiar orientert om møte med Haugesunds kommune.

6. Prissetting på vask på Vardatun.
Prissettinga må vurderast til sommaren med tanke på ein reduksjon.

Ved pennen

Ernst Wilhelmsen

Underskrifter.